

Rutine

Rutine for å endre utdanning innan akkreditert fagområde

Denne rutinen skal nyttast ved endring av utdanning innan akkreditert fagområde.

Styret for Fagskulen Vestland har ansvar for kvalitet i utdanninga og har mynde til å vedta endring av ei utdanning. Alle endringar skal såleis meldast til styret for godkjenning.

Årsaker til å endre kan vere:

- Behov for å tilby utdanninga ved ein annan studiestad
- Endringar av utdanningsform (eks. frå stadbasert til nettbasert)

Vesentleg endring av eksisterande utdanning kan også verte meldt på bakgrunn av funn i fagskulen sin årlege kvalitetsmelding.

Ein må skilje mellom kva som er endring og kva som krev ny akkreditering av utdanning.

Endringar som ikkje krev ny akkreditering

- Nytt eller endring av godkjent studiestad

Endringar som kan krevje ny akkreditering

- Endring av namn på utdanninga
- Endringar av det samla læringsutbytte
- Endring av utdanningsform

Desse endringane skal vurderast av akkrediteringskoordinator i samråd med utdanningsleiar, og dersom endringane viser seg å vere av større betyding for det samla læringsutbyttet, må det søkjast om ny akkreditering.

Endring av det samla læringsutbytte vil til vanleg krevje ei ny akkreditering. Om det berre gjerast mindre endringar i det samla læringsutbytte som ikkje gjer at innhaldet i utdanninga vert endra, kan det vere tilstrekkeleg med ei endringsmelding.

Endring som vil krevje ny akkreditering

- Endring av det samla omfanget (studiepoeng) av utdanninga
- Endring av det overordna læringsutbyttet i utdanninga som gjer at det samla innhaldet i utdanninga vert endra

Framgangsmåte for å gjere endring i ei akkreditert utdanning

- Fyll ut «Skjema for å melde endring av akkreditert utdanning»
- Utdanningsleiar skal signere skjema
- Skjema skal sendast til akkrediteringskoordinator

Sakshandsaming av endringsmelding

Vedteke av styret for Fagskulen Vestland
xx.xx.2023



Fagskolen Vestland

Vestland fylkeskommune

- Akkrediteringskoordinator førebur sak til styret for fagskulen
- Styret fattar vedtak om at endringa er godkjent/ikkje godkjent
- Ved godkjent endring meldar akkrediteringskoordinator endringa til NOKUT
- Administrasjonen må vurdere om det må søkjast om nye koder